



PROTOKOLL SOGN OG FJORDANE TURLAG SITT ÅRSMØTE 25. JANUAR 2020, KL. 10.30 – 15:30 THON HOTELL, SKEI

Styreleiar Siv Merete Stadheim ynskta velkomen til årsmøtet.

Innlegg: Friluftslivet sine ferdselsårer og andre relevante tilskotsordningar

v/ Håkon Tufteland, Bergen og Omland Friluftsråd. Representerte avdeling for kultur, idrett og inkludering, seksjon idrett og friluftsliv, Vestland fylkeskommune.

Delegatar: Tor Magne Gangsøy (YNT), Tonje Elisabeth Husevåg (YNT), Leif Longvanes (ST), Rolf Engløkk (LæT), Mais Hunderi (LæT), Kjell Arne Hjellbrekke (IST), Olav Auflem (INT), Idar Skogli (INT), Inga Jane Vie Karlsen (ÅT), Sonja Hestetun (ÅT), Knut Strømmen (BHT), Anita Taftø (BHT), Katrine Fjellestad Aske (MNT), Dag Apalseth (MNT), Karen Weichert (VT), Marit Gjersvoll (YST), Katarzyna M. Lylund (YST), Berit Lad (LuT), Ole Hermann Meløy (LuT), Unni Grønsberg (AuT), Astrid K. Grønsberg (AuT), Astrid B. Eliassen (FT), Arnfrid Bergheim (FT), Evy Dombestein (KT), Irene Lunde (SFT), Siv Merete Stadheim (SFT), Silje Marita Vallestad (SFT), Odd Henrik Berge (SFT)

Ikkje stemmeføre: Vigdis Flaten Kvamme (SFT), Ron Overdevest (SFT), Lars Røyhus (SFT).

Stemmeføre: 28

frå sak 10 og utover var det **27** stemmeføre sidan Olav Auflem måtte reise frå møtet

Tilsette: Dagleg leiar: Astrid Kalstveit
Prosjektleiar born og unge: Marie Sørum

Innleiar/gjest: Håkon Tufteland og Elisabeth Dahle

Valnemd: Dag Apalseth, leiar valnemnd SFT

Møteleiar årsmøtet: Roy Raasholm Fauske

Sakliste:

- Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak: **Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.**
- Sak 2. Val av to representantar til å skrive under protokollen
Vedtak: **Idar Skogli & Berit Lad vart samrøystes valde.**
- Sak 3. Val av to skrivarar
Vedtak: **Karen Weichert og Astrid Kalstveit vart samrøystes valde.**
- Sak 4. Val av møteleiar
Vedtak: **Roy Raasholm Fauske vart samrøystes valt.**



Sak 5. Godkjenning av årsmelding SFT 2019
Styret si innstilling til årsmøte: *Årsmeldinga SFT 2019 vert godkjent.*
Vedtak: **Årsmeldinga SFT 2019 vart samrøystes godkjent.**

Merknader:

- * Supplering med ambassadørkurs arrangert av Flora Turlag 29. april 2019.
- * Omtale av UT.no i framtidige årsmeldingar.
- * Merknaden om revisor blir teke opp i sak 17 seinare i møtet.

Sak 6. Godkjenning av rekneskap 2019
Styret si innstilling til årsmøte:
Rekneskap 2019 vert godkjent.
Vedtak: **Rekneskap SFT 2019 vart samrøystes godkjent.**

Sak 7. Regionalisering jf. vedlegg

Styret si innstilling til årsmøtet:

Styret i Sogn og Fjordane Turlag (SFT) støttar regionaliseringsgruppa sitt framlegg og tilrår årsmøtet at SFT vert organisert som ei eiga medlemsforeining i DNT, men med organisatoriske endringar. Det kan vere aktuelt å styrke og/eller endre administrasjon og oppgåvene administrasjonen til Sogn og Fjordane Turlag har.

Det kom tre alternative framlegg, i tillegg til styret i SFT sitt. Framlegget frå styret i SFT blei også endra med omsyn til formuleringane. Slik blei det til slutt 4 ulike framlegg til røysting:

Framlegg Sogndal Turlag (1): Saka blir utsett.

Avstemming: 7 røyster for. Framlegget falt.

Framlegga i frå Indre Sunnfjord Turlag (IST) og styret i SFT blei stemt over på same tid. Det blei oppnemnd eit teljekorps for avstemningane framover: Knut Strømmen og Anita Taftø. Det blei valt ved handsoppretting:

Framlegg Indre Sunnfjord Turlag: *Årsmøtet i Sogn og Fjordane Turlag (SFT) støttar regionaliseringsgruppa sitt framlegg og vedtek at SFT framleis skal vere organisert som ei eiga medlemsforeining i DNT. Det kan vere aktuelt å styrke og/eller endre administrasjon og oppgåvene administrasjonen til Sogn og Fjordane Turlag har.*

8 stemmer for, forslaget falt.

Framlegg Styret SFT: *Årsmøtet i Sogn og Fjordane Turlag (SFT) støttar regionaliseringsgruppa sitt framlegg og vedtek at SFT framleis skal vere organisert som ei eiga medlemsforeining i DNT, men med organisatoriske endringar. Det kan vere aktuelt å styrke og/eller endre administrasjon og oppgåvene administrasjonen til Sogn og Fjordane Turlag har.*

20 stemmer for. Forslaget blir teke til avstemming mot Sogndal turlag sitt framlegg.

Framlegga i frå Sogndal Turlag (ST) og styret i SFT blei stemt over på same tid:

Framlegg ST: *Årsmøtet i Sogn og Fjordane Turlag (SFT) vedtek at SFT framleis skal vere organisert som ei eiga medlemsforeining i DNT.*

3 stemmer for, forslaget falt.

Framlegg i frå styret SFT: 25 stemmer for.



Vedtak: Årsmøtet i Sogn og Fjordane Turlag (SFT) støttar regionaliseringsgruppa sitt framlegg og vedtek at SFT framleis skal vere organisert som ei eiga medlemsforeining i DNT, men med organisatoriske endringar. Det kan vere aktuelt å styrke og/eller endre administrasjon og oppgåvene administrasjonen til Sogn og Fjordane Turlag har.

Sak 8. Retningsliner Sogn og Fjordane Turlag si valnemnd, jf. vedlegg
Vedtak: **Retningsliner Sogn og Fjordane Turlag si valnemnd vart samrøystes vedtekne.**

Sak 9. Nye mål for DNT Ung Sogn og Fjordane, jf. vedlegg
Vedtak: **Nye mål DNT Ung vert vedtekne og tal medlem utval; leiar og 2 medlem, i tillegg eitt varamedlem for 2020, vert samrøystes vedteke.**

Sak 10. Kontingentutrekning/fordeling 2020 jf. vedlegg
Framlegg frå styret i SFT: *Ny kontingentutrekning/ fordeling 2020 med kr. 90 pr. medlem og utan Turmagasin vert samrøystes vedteke.*
14 stemmer for

Forslag frå MNT: *Ny kontingentutrekning/ fordeling 2020 med kr. 75 pr. medlem og utan Turmagasin vert samrøystes vedteke.*
12 stemmer for

Vedtak: Ny kontingentutrekning/ fordeling 2020 med kr. 90 pr. medlem og utan Turmagasin vert samrøystes vedteke.

Merknad: Det må sjekkast om medlemstala for lokallaga i kontingentmodellen er rette, samt aldersforeling, ved endeleg utrekning.

Sak 11. Handlingsplan 2020, jf. vedlegg
Vedtak: **Handlingsplan 2020 vert samrøystes vedteke.**

Sak 12. Budsjett 2020, jf. vedlegg
Vedtak: **Framlegg til budsjett for 2020 vert samrøystes vedteke.**

Sak 13. Val av styre SFT med varamedlemer.

Det blei ikkje stilt krav om skriftleg røysting.

Leiar	Siv Merete Stadheim FT (1 år)
Styremedlem	Silje Marita Vallestad IST (attval 2 år)
Styremedlem	Irene Lunde MNT (attval 2 år)
Styremedlem	Karen Weichert VT (ikkje på val 1 år)
Styremedlem	Steffen Sandene MNT (1 år, ut perioden til T.M. Gangsøy)
1. varamedlem	Odd Henrik Berge INT (attval 1 år)
2. varamedlem	Tina Løkke Vie MNT (attval 1 år)
3. varamedlem	Tom Dybwad ST (ny 1 år)



- Sak 14. Val av medlemmer Kurs- og Fjellsportutval
Leiar **Vigdis Flaten Kvamme IST (attval 1 år)**
Medlem **Rune Valsvik ÅT (attval 2 år)**
Medlem Jarle Mundal ST (ikkje på val 1 år)
Varamedlem **Bente Sunde INT (ny 1 år)**
- Sak 15. Val av medlemmer Naturvernutval
Leiar **Ron Overdevest YST (attval 1 år)**
Medlem **Anita Taftø BHT (attval 2 år)**
Medlem **Jørgen Bruheim LæT (attval 2 år)**
Varamedlem **Rob Deckers KT (ny 1 år)**
- Sak 16. Val av medlemmer DNT Ung Sogn og Fjordane
Leiar **Lars Røyhus ST (1 år) 1 år i styret**
Medlem **Lina Hågøy Tonheim IST (ny 2 år)**
Medlem Kristine Tonning INT (ikkje på val 1 år)
1. varamedlem **Jakob Leivdal Håvik MNT (1 år)**
- Sak 17. Val av intern revisor Sogn og Fjordane Turlag
Forslag: Knut Strømmen BHT, **Knut Strømmen blei valt samrøysta.**
- Sak 18. Val av valnemnd
Leiar Roy Raasholm Fauske IST (1 år igjen)
Medlem Anne Rudsengen ST (2 år igjen)
Medlem **Renate Berstad INT (ny 3 år)**
- Sak 19. Val av SFT sine utsendingar til DNT sitt landsmøte
Vedtak: **Styreleiar/ nestleiar eller 1 medlem av styret.**
Utsendingar frå lokallaga etter eige ynskje.
- Sak 20. **Orienteringssaker**
- Orientering om prosess framlegg kandidatar til DNT sitt landsstyre med frist 29. februar. Styret SFT må ha framlegg namn kandidat til DNT sitt landstyre i hende innan 1. februar.
- Sak 21. Tid og stad for neste årsmøte, **30. januar 2021 på Thon Hotell, Skei**

Idar Skogli

Berit Lad